

Notat

Går til: Styremedlemmer
 Selskap: Helse Vest RHF
 Dato skriven: 18.10.2005
 Frå: Administrerande direktør Herlof Nilssen
 Sakshandsamar: Ivar Eriksen
 Saka gjeld: **Orientering om relevante lovar, forskrifter og andre myndigheitskrav i perioden 25.08.05 - 17.10.05**

Styresak 85/05 O
 Administrerande direktør si orientering pkt. 4

Styremøte 27.10.2005

Oversikt over nye lovar og lovendingar i perioden 25.08.05 – 17.10.05

Lov	Dato for kunngjering	Kva lova/endinga gjeld	Kommentarar/status
Det er ikkje gitt nye lover eller gjort endingar i relevante lover i perioden.			

Oversikt over nye forskrifter og forskriftsendingar i perioden 25.08.05 – 17.10.05

Forskrift	Dato for kunngjering	Kva forskrifta/endinga gjeld	Kommentarar/status
Forskrift om begrensninger i helsepersonells adgang til å motta gave, provisjon, tjeneste eller anna ytelse.	02.09.05	Forskrifta skal konkretisere og gjere føresegnene i helsepersonellova § 9 tydelegare. Dette blir i forskrifta til dømes gjort ved å eksemplifisere kva som er å rekne som "gåve, teneste, provisjon eller anna yting". I tillegg gir forskrifta rettleiing om kva slag vurdering ein må gjera med utgangspunkt i omgrepet "egnet til å påvirke helsepersonells tjenstlige handlinger på en utilbørlig måte".	Forskrifta vil bidra til å sikre tillit i befolkninga til helsepersonell og helsetenester og til at samhandlinga mellom helsepersonell og legemiddelindustri, utstyrsleverandørar/ - og produsentar ikkje skjer på ein utilbørlig måte.
Forskrift om endring i anskaffelsesforskriften	09.09.05	Ny forskrift om offentlege innkjøp vil tre i kraft frå 1. januar 2005. Med verknad frå 09.09.05 er den nasjonale terskelverdien for å	

		gjennomføre anbudskonkurransar heva frå kr. 200.000,- til kr. 500.000,-.	

Oversikt over myndigheitskrav frå Helse- og Omsorgsdepartementet i perioden 25.08.05 – 17.10.05

Myndigheitskrav	Dato	Kva saka gjeld
Oppfølging av tilsynssaker frå Statens Helsetilsyn	02.09.05	HOD legg til grunn at styret i regionale helseføretak er aktive til dei varsel og pålegg som Helsetilsynet og andre statlege tilsynsmyndigheiter gir. Styret bør ha ein systematisk oppfølging av tilsynsrapportar og behandling av avvik slik at desse blir lukka innanfor dei fristar som blir sett. Brevet er lagt ved under skriv og meldingar.
Vedrørande nasjonal styring og oppfølging av landsfunksjonar og nasjonale medisinske kompetansesentra.	09.09.05	I brevet er det vist til styringsdokument 2004 kor det blei stilt krav om at det skal etablerast referansegrupper med representantar frå alle regionale helseføretak for godkjente landsfunksjonar og nasjonale medisinske kompetansesentra og at desse referansegruppene skal gjennomgå årleg rapportering frå dei einskilde funksjonane. HOD ber om at dei regionale helseføretaka seinast innan utgangen av 2005 har oppretta referansegrupper for alle nasjonale kompetansesentra og landsfunksjonar som det einskilde regionale helseføretak er tillagt ansvar for.